Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: joletre og jolehalm

Oppskr. av: Martin Tenes

(adresse): Garnes st.

Fylke: Hordaland

Herad: Haus

Bygdelag: Skjeggestrand

Gard: Tenes

G.nr. 83 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Joletreet er no vanleg i mi bygd.

2. I mein heim omkring slutten av 80-åri

3. Joletrefestar i skulen byrja ein med her omkring midten av 80-åri.

4. Å pynta stova med kvistar av grønt og papirpynt har ikkje vore vanleg her fyrr; men er no mykje i bruk ved skule- og foreningsfestar. Ein pyntar då gjerne over døri, over talarstolen, ljosekrunor og elles her og der i salen kor ein tykkjer det høver. Sovoren pynt vert no nytta sjølv om ein har joletre. Halmkrunor høyrer ikkje til pynten hjå oss.

6. Joletreet har vanlegvis no ein storleik av 1.5 – 2 m, alt etter høgdi i stova og sal.

7. Pynten av treet er no vanleg glitterstas, papirstas, ymse glasskuglestar, ljos og epler, stundom og so appelsiner. Fyrr var det lite av sovoren stas i treet, då vart det mest pynta med

3998

2

gjorde figurar; mander, kjeringar, hønor og hanar, grisar og andre figurar, som vart laga av brøddeig og som ein kjøpte hjå landhandlaren – 6 slikkje for 10 øre. Eple høyrde og med til pyntinga og stundom og so litt papirpynt.

8. Det er vanleg kvinnfolki og dei største borni som pyntar joletreet.

9. Treet står vanlegvis no fritt på golvet. Fyrr var treet oftaste so lite at det vart plassert anten på bordet eller på ein krakk i ei stovekrå.

10. Joletreljosi vert kveikte fleire gonge i jolehelgi både jolafton, nyårsafton, trekongersafton og elles om borni har ei liti festleg samankoma i joli.

11. Ein brukar å gå rundt joletreet og syng då helst salmar som: "Her kommer dine arme små", "Et barn er født i Betlehem", "Jul med din glede", "Deilig er jorden" med fleire.

12. Joletreet har ein i regelen standande til eit par vikor etter nyåret.

13. Me seier: å taka ned av joletreet og dei største borni får vera med på det.

14. Gran og furu er no det vanlege – fyrr laut ein fin-vaksen brakje (eine) gjera tenesta som joletre.

16. Jolebandet eller fuglebandet vart festa til eit tre (tuntre) ute på tunet jolafton eller ein nedsett staur om det høvde betre.

1. Me brukte aldri halm på golvet jolafton, men fin hakka brakje (eine) og strødde stundom med fin kvit sand ovanpå.

3998
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING